



Folkehelseinstituttet
Postboks 222 Skøyen
0213 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
24/3525

Dato
29. oktober 2025

Supplerande tildelingsbrev for Folkehelseinstituttet nr. 3

I dette brev følger nye oppdrag, samt endringer i tildelingar.

Endringer i tildelingar:
- Kap. 760, post 21

Nye oppdrag:

- TB2025-41 Registrering av informasjon om kliniske studiar i NPR
- TB2025-42 Evaluering av føresegn om forbod mot marknadsføring av somme næringsmiddel særleg retta mot born

Departementet vil gjere FHI merksame på at instituttet skal bidra til andre oppdrag som er gjeve til andre etatar i helsesektoren. Dette gjeld til dømes oppdraget til Helsedirektoratet om rett til å rekvirere og ordinere vaksiner. Folkehelseinstituttet må òg forvente å få og svare på oppdrag/bestillingar frå helsereformutvalet.

Endringer i tildelingar Kap. 760, post 21

FHI tildelast 1,5 mill. kroner over kap. 760, post 21, til å gjennomføre naudsynte tiltak for auka informasjon om innvandrerhelse i den nasjonale folkehelseundersøkinga (NHUS).
(i 1 000 kroner)

Kap.post	Sum tildeling 2025 e. STB2	Ny tildeling STB3	Sum tildeling 2025
760.21	422 011	1 500	423 511

Postadresse
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo
postmottak@hod.dep.no

Kontoradresse
Teatergt. 9
www.hod.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
983 887 406

Avdeling
Budsjett- og
styringsavdelinga

Saksbehandlar
Thomas Neby
Baardseng
22 24 85 91

Nye oppdrag

TB2025-41	Avd. HOD: SHA	Registrering av informasjon om kliniske studiar i NPR
Folkehelseinstituttet skal i samarbeid med dei regionale helseføretaka og REK vurdere korleis det kan leggjast til rette for at informasjon om pasientar si deltaking i kliniske studiar kan registrerast i Norsk pasientregister (NPR), og korleis det kan gjerast automatiske uttrekk av denne informasjonen til rapporteringsføremål. Frist for tilbakemelding til HOD: 31.05.2026 Bakgrunn for oppdraget: Oppdraget overførast frå Helsedirektoratet til Folkehelseinstituttet, etter forslag fra Folkehelseinstituttet. Det har vore dialog med ansvarleg avdeling i Helsedirektoratet, som er samd i dette. Det vil verte tilrettelagd for overføring av informasjon frå Helsedirektoratet til Folkehelseinstituttet. Dette vil vere ein sentral del av eit arbeid med å utvikle statistikk om aktiviteten, jf. regjeringa si avgjerd om å vidareutvikle Nasjonal handlingsplan for kliniske studiar (2021-2025).		
TTB2025-42	Avd. HOD: FHA	Evaluering av føresegn om forbod mot marknadsføring av somme næringsmiddel særleg retta mot born
Departementet syner til tildeling på 2,1 mill. kroner til arbeid med evaluering på ernæringsområdet/tiltaksforsking, irekna evaluering av intensjonsavtalen for eit sunnare kosthald og eit ev. marknadsføringsforbod, i tildelingsbrev 30. januar 2025. Føresegn om marknadsføring av somme næringsmiddel særleg retta mot born, vart vedteke 25. april 2025, og våren 2025 vedtok Stortinget at dette regelverket skal evaluerast etter to år. Departementet syner til følgjande vedtak 915: «Stortinget ber regjeringen evaluere forskrift om forbud mot markedsføring av visse næringsmidler særlig rettet mot barn og tilhørende overtredelsesgebyr etter 2 år.» Med bakgrunn i ny føresegn og vedtak frå Stortinget, skal FHI evaluere føresegna. Evalueringa skal ha eit fleirårig perspektiv, for å syne til om det har skjedd ei utvikling frå noverande tidspunkt og fleire år fram i tid. FHI skal levere ei førebels evaluering 25. oktober 2027. Eit tydelegare mandat for evalueringa skal diskuterast med departementet. Frist: 25. oktober 2027		
TTB2025-42	Avd. HOD: BSA/FHA	Forundersøking om befolkningsbaserte helseundersøkingar
Folkehelseinstituttet skal i dialog med Helsedirektoratet gjennomføre ei forundersøking om organisering og finansiering av dei store nasjonale og regionale befolkningsbaserte helseundersøkingane i Noreg i dag. Forundersøkinga skal gje eit oversiktsbilete av eksisterande befolkningsbaserte helseundersøkingar, deira verdi for forskning og folkehelse, og peike på hovudutfordringar knytt til finansiering og organisering, fagleg innretting og		

relevans, og i tillegg utviklingsbehov. Målet er at dei befolkningsbaserte helseundersøkingane på sikt skal bidra til eit effektivt system for heilskapleg oversikt over helsetilstanden i Noreg. Det er difor viktig at forundersøkinga inneheld kost/nytte-vurderingar av dei ulike helsebaserte befolkningsundersøkingane, både kvar for seg og samla.

FHI skal hente inn synspunkt og faktagrunnlag frå sentrale miljø, som relevante universitet, Forskningsrådet, Helsedirektoratet og brukarinteresser. I tillegg skal det gjerast ei innleiande kartlegging av hovudproblemstillingar, moglegheiter og barrierer for ei meir koordinert statleg medfinansiering og vidare utvikling. Arbeidet skal ikkje føreslå løysing eller modell, men leggje til rette for vidare dialog og vurdering. På bakgrunn av forundersøkinga vil Helse- og omsorgsdepartementet seinare kome tilbake til utforming av eit eventuelt utgreiingsoppdrag om framtidig finansiering og organisering av dei store befolkningsbaserte helseundersøkingane.

Frist for forundersøkinga: 2. februar 2026.

Med helsing

Vibeke Helene Riekeles (e.f.)
avdelingsdirektør

Thomas Neby Baardseng
ekspedisjonssjef

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Kopi

Helsedirektoratet
Riksrevisjonen